

norsk: *heldr, tekr, ker, lønb* (fleirtal av *lamb*), *lønd* (fleirtal av *land*); svensk og dansk: *halder, takvr, kar, lam, land*.

2. Norsken hev *ú* i mange ord, der dansk og svensk hev *o*: norsk *brú, trú*, svensk og dansk *bro, tro*.

3. Medan norsken hadde *ek, mér* eller *vír, ér* eller *þér* (for: eg, me eller vi, de), hadde svensk og dansk: *jak, vir, ir*.

4. Norsken held paa dei upphavlege tviljodar: *au, ei, øy*; men dansk (fyre 1000) og svensk (fyre 1200) dreg deim saman til *a, e, ø*: t. d. norsk: *auga, stein, øy*, svensk og dansk: *aga, sten, ø*.

Det norske maalet vart i dette tidebilet tala yver ei større vidd enn no. Umfram i Norig med dei politiske landemerke me no hev, tala dei umkr. aar 1000 ogso norsk i *Fanteland, Herjedalen, Bohuslen, Island, Grønland, Færoyarne, Hjaltland, Orkneyarne, Suderoyarne* (Hebridarne), *Man* og sume stader i *Skotland* og *Irland*. Naar me tek undan Irland, der engelsken fekk yvermagti fyre 1300, vart norsken ikkje nokonstad undantrengd av framandmaal i heile den gamalnorske tid.

At der paa dette vide maalvaldet maatte veksa fram mange maalføre var rimelegt. Og me ser daa ogso alt i dei eldste handskrifter, at det so var.

Dei gamalnorske maalføre kann me skipa soleis:

I. *Austnorsk*: Trøndelag, Upplandsbygderne o. fl. Desse maalføri merkte seg ut ved det, at *a* aldri (eller sjeldan) var ljodbrigda, um det kom *u* i næste staving, difor: *allun, mannum, snaru* og dilikt. Dessutan skifte *e* og *i*, *o* og *u* etter visse reglar i endingarne: *máne* (maane), men *stigi* (stige); *hoso* (hosa), men *viku* (vika). Denne tiljamningi kallar me *vokalsamklang*. Noko fyre 1300 kløyvde austnorsken seg i *nord-austnorsk* (eller trøndsk) og